



Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4974 - 21/47507

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
30.06.2021

Landbrukssak GBNR 106/17 Fanebust - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 759/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Marius Rødland løyve til bygging av omsøkt veg på 106/17 Fanebust.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 30.06.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bortjf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Marius Rødland søkar om å bygge ca 80 meter landbruksveg i vegklasse 2, landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til ny driftsbygning på garden og har ein estimert kostnad på ca 100 000,-

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal gje tilkomst til ny driftbygning og er såleis i tråd med formålet.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i sjølve traseen, men i nærleiken ligg den Trondhjemske postveg. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med den.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Statsforvaltaren har ikkje komen med uttale og Alver kommune ved kulturavdelinga hadde ingen merknadar. Svar frå Vestland fylkeskommune ligg ved.

Sjå utsnitt frå Fylkeskommunen:

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4974

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg fråsegn - Ber om uttale - søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 106/17

Fanebust - Alver kommune

Landbrukssak GBNR 10617 Fanebust - bygging av landbruksveg - uttale kultur

Mottakarar:

Marius Rødland

Steinsvikvegen 16

5955

LINDÅS